
Saksnr: 2020/60043-24**Saksbehandlar:** Kristin Arnestad

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næring

Strategisk arbeid med breiband og digital infrastruktur - status

Bakgrunn

I samband med handsaminga av PS 14/2019 Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 i fylkestinget 17. Desember 2019 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:

God tilgang til høghastighets-breiband og 100% mobildekking er påkravd infrastruktur for busetnad og næringsliv. Fylkestinget ber om ei sak med oversikt over kva stader som ikkje har fått god breibands- og mobildekking, og ein plan for korleis vi kan få det til.

I [PS 45/2020](#) orienterte vi om status for breibandsatsinga i Vestland 2020. Fylkesrådmannen sa då at ei oversikt over kva stader som ikkje har fått god breiband og mobildekning må jobbast med parallelt med utlysinga for 2020, og må bli ein strategi frå 2021 og framover eller ein del av regional plan. Vi sa då at det var naturleg å ta utgangspunkt i dekningsundersøkinga for breiband som kjem i september 2020, samt erfaringane som er gjort med anbod og søknadsrundar i 2020.

Status 1. september 2020

Vi har no lyst ut midlar for 2020, og legg i møte 16. september, fram tilråding om kva område som skal få tilskot til breibandutbygging. Her blir det søkt om ca. 10 mill. kr. meir enn det vi har tilgjengeleg. Trong for midlar og område som ikkje har godt nok tilbod er nok langt større enn denne søknadssummen kan gje uttrykk for.

Vårt inntrykk er at det er svært varierende frå kommune til kommune kor god oversikt dei har over situasjonen, og kor høgt dei prioriterer breibandutbygging som ei kommunal oppgåve. Nokre få kommunar ferdig utbygd om ein ser på hastigheitskrava i støtteordninga i dag, og har fibertilbod til dei aller fleste hustandar og bedrifter, i andre kommunar er situasjonen mykje dårlegare. Dei kommunane som har jobba aktivt og langsiktig med breibandutbygging er komne lenger enn andre.

Vi får tilbakemeldingar på at dekningskarta til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ikkje er fullt ut til å stole på i alle område. Vi har også svært mange prosjekt under bygging eller i utlysing/oppstartsfasen, særleg i nordre del av fylke. Desse kjem naturleg nok ikkje med på dekningskarta. Vi har starta eit arbeid der vi tek fylkesatlas.no i bruk for å markere område som vert lyst ut. Det er potensiale til å få meir, og betre kvalitetssikra data inn på fylkesatlas.no.

Vi treng eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag for å lage ein plan/strategi som både fylkeskommunen og kommunane kan bruke som eit arbeidsverktøy. Det er heilt klart at breiband og digitale satsingar må vere tema i arbeidet med utarbeiding av regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Kva format ein skal ha på eit plan/strategidokument må bli ein del av arbeidet med utarbeiding av planen og sjåast i samanheng med kva løysing ein vel for andre område (meir uformell plan, temaplan, strategi, etc.).

Det vi vil gjere framover er at vi vil jobbe for eit betre kunnskapsgrunnlag for breibandplanen/strategien. Vi må kartlegge kva dekning som er i dei ulike områda i dag, men vi må også prøve å sjå på kva utfordringar som kjem i dei neste åra. Telenor fasar ut koparnettet i løpet av

få år, og det vil få store konsekvensar for mange område. Vi veit også at det i mange område, kanskje særleg i Hordaland er brukt mykje radio som teknologi. Dette er eit heilt anna produkt enn fiber, både med tanke på kapasitet, men også med tanke på levetid. Teknologien utviklar seg heile tida, og løysingar som var greie for nokre år sidan er ikkje nødvendigvis greie i dag.

I 2019 og heilt i starten av 2020 hadde IT-forum, saman med fylkeskommunen møter med breibandleverandørar i gamle Sogn og Fjordane for å kartlegge deknings situasjonen betre. Det var ambisjon om å gjere same jobben i søre delen av fylket, men dette er ikkje gjort enno mellom anna grunna korona.

Framover vil vi jobbe slik:

Kartlegging og førebuing av plan/strategiarbeid

- Halde fram med kartleggingsarbeid knytt til dagens, og framtida deknings situasjon i Vestland. Dette må skje både ved innhenting og kontroll av tekniske dato, jobbing med kartløyningar, men også i dialog med IT-forum, leverandørar og kommunar
- Gjere anna førebuingarbeid knytt til eit nytt plan/strategidokument, i dette ligg det også å vurdere tematisk innretning (breiband eller ei breiare satsing på digital infrastruktur og digitale satsingar)
- Forma på plan/strategidokumentet blir avklara gjennom arbeidet med ny regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- Kople breiband og digital infrastruktur tettare på andre satsingar enn i dag, til dømes smarte samfunn

Oppfølging av prosjekt og tilskotsordninga

- Gjennomføre felles konkurranseutlysing for alle prosjekt i fylket med tett samhandling og informasjon til kommunane, til dømes gjennom dialogsamling
- Ha samlingar, kurs og dialog med kommunane om arbeidet med breiband, tilby kompetanseheving og nettverk
- Saman med IT-forum jobbe for at dei resultatene nettverket har hatt i Sogn og Fjordane blir vidareført til heile Vestland
- Få tettare kontakt med alle kommunar, særleg dei kommunane vi ikkje har hatt så mykje kontakt med til no